

Emne:	<b>Politisk referansegruppe Stord-Kvinnherad - Møtereferat 30. november 2017</b>	
Til stades:	Jon Askeland, HFK Stein Inge Ryssdal, HFK Gaute Epland, Stord kommune Jakob Bjelland, Stord kommune Geir Angeltveit, Stord kommune Peder Sjo Slettebø, Kvinnherad kommune Hilde Enstad, Kvinnherad kommune Otto Benjaminson, Kvinnherad kommune  Frå administrasjonen Odd Ivar Øvregård, Kvinnherad kommune Anbjørn Høivik, Kvinnherad kommune Lovise Vestbøstad, Stord kommune Sindre Lillebø, SVV John Martin Jacobsen, HFK Matti Torgersen, HFK	
Forfall:		Sak: 2016/943-28
Møtetid:	30. november 2017 kl. 10.45 – 13.15	Møtestad: Husnes kulturskule

**Møteleiar:** Jon Askeland

**Referent:** Matti Torgersen

### **1. Opning. Politiske vedtak og forventningar frå HFK.**

Jon Askeland innleiia. Innkorting av ferjesambandet er ei viktig regional sak. I tillegg til kortare reisetid og betre tilknytning til E39, vil ein kunne få eit betre dritsopplegg for ferja, bu- og arbeidsmarknaden verte utvida, og det vil kunne gje tettare integrasjon og betre konkurransekraft for regionen. For fylkeskommunen er det viktig å finne ei løysing på saka.

Nye moment i saka er at trase med kryssløysingar for E39 er avklara, det er ein ny ferjeavløysingsordning som også omfattar innkorting av samband, og det er ein ny regioninndeling som skaper behov for eit styrkt Sunnhordland.

### **2. Politiske vedtak og forventningar frå kommunane.**

Ordførarane Gaute Epland og Peder Sjo Slettebø gjorde greie for vedtak i saka. Begge kommunestyra har vedtak om oppstart av planarbeidet og ønskjer å finne ei løysing. Det er behov for å styrkje regionale funksjonar, og til eit nærare samarbeid om dette mellom dei to kommunane. Næringslivet er sterkt engasjert, og næringsorganisasjonane i dei to kommunane har gjennomført ei undersøking. Sambandet er

viktig for heile regionen, og omliggjande kommunar har kravd ei løysing. Stord har vedtak om å ikkje ta i bruk ny uberørt strandsone, men at det er eit handlingsrom for å finne løysingar.

Det er eit felles ønskje om rask framdrift, og det blei peikt på behov for at gruppa har god kontakt med kommunestyra.

### **3. Gjennomgang av opplegg for kommunedelplanarbeidet. Helge Hopen**

Helge Hopen presenterte framlegg til opplegg for siling og for planprogram til kommunedelplanen.

Det blir lagt opp til ein brei prosess der alle moglege ferjestø på begge sider av fjorden skal vurderast. I første fase vert det ein idéutvikling og strukturering av alternativ basert på tidlegare planar, innspel frå politisk referansegruppe, ein idédugnad og ved bruk av eit interaktivt kart på [hordaland.no](http://hordaland.no) der alle kan leggje inn framlegg til plassering av ferjestø. Det blir lagt opp til å finne fram til gode silingskriterium.

Det blir lagt opp til ei siling i to rundar. I første siling skal alle aktuelle ferjestø verte vurderte, og bli vurderte opp mot politiske vedtak, overordna mål og krav, samt ein overordna vurdering av måloppnåing i forhold til silingskriterium. Dei beste alternativa vert vurderte vidare med utvikling av løysingskonsept, samt vurdering av konsekvensar og måloppnåing. Det vert ei ny silingsrunde som avgjør kva for alternativ som blir tilrådd utgreidd vidare i planfasen.

Det blir lagt opp til ein rask prosess, og at planprogram med silingsrapport ligg føre til april 2018.

Det blir ein idredugnad 15 desember på Stord. På denne skal moglege ferjestø verte vurderte, og silingskriteriene bli drøfta.

Politisk referansegruppe slutta seg til framlagde opplegg for prosessen

### **4. Drøfting**

Funksjonen til gruppa vart drøfta. Det er Hordaland fylkeskommune som er tiltakshavar for planen, og det er dermed fylkesrådmannen som fremjar eit planframlegg. Stord og Kvinnherad kommunar er planstyremakter og sender planen på høyring og har ansvar for å vedta planen. Fylkeskommunen vil vere høyringsinstans til planutkastet.

Politisk referansegruppe har ein sentral funksjon med å sikre politisk kommunikasjon mellom instansane i planarbeidet, og å ha dialog med dei andre medlemmene av kommunestyrene/fylkestinget.

Dei ulike partane har ulike rollar. Fylkeskommunen har finansieringsansvar for investeringar og drift, mens kommunane har arealansvar. Det er sentralt å finne fram til ei omforeint løysing som let seg realisere innanfor moglege økonomiske rammer.

Ulike moglege plasseringar av ferjestø vart drøfta. Dei ulike alternativa vil verte vurderte gjennom silingsprosessen. Det er sentralt med klare silingskriterium. Det vart drøfta om ulike silingskriterium bør telje likt alle stader, t.d. urørt strandsone.

Konsekvensar for kollektivtrafikken må utgreiast. Det er framlegg om å setje av midlar i Kvinnheradpakka til å avklare vegløyning over Toftebrekka på Halsnøy. Det er også behov for å få vurdert noverande og framtidige reisestraumar. Nye teknologiske løysingar for ferjestø bør også vurderast.

### **5. Vidare framdrift.**

Det er lagt opp til to møter til i den politiske referansegruppa. Møta blir heldt i samband med dei to silingsrundane. Møtedatoar er fredag 2. februar og onsdag 4. april.